

# Framtidsbilder for samfunnsutviklingen i Nye Stavanger

SOLVEIG SVARDAL, KNUT VAREIDE, AILIN AASTVEDT

TF-rapport nr. 445

2018

**Tittel:** Framtidsbilder for samfunnsutviklingen i Nye Stavanger  
**TF-rapport nr:** 445  
**Forfatter(e):** Solveig Svardal, Knut Vareide, Ailin Aastvedt  
**Dato:** 6. desember 2018  
**ISBN:** 978-82-336-0163-8  
**ISSN:** 1501-9918  
**Pris:** Kan lastes ned gratis fra [www.telemarksforskning.no](http://www.telemarksforskning.no). Pris for trykking: 140,-  
**Framsidedfoto:** Tannhjul: iStock. Ledninger: Dina Lydia/Unsplash. Bildene i rapporten hvor fotograf ikke er oppgitt er mottatt fra Nye Stavanger kommune.  
**Prosjekt:** Scenarier for samfunnsutvikling i Nye Stavanger  
**Prosjektnr.:** 20180580  
**Prosjektleder:** Ailin Aastvedt  
**Oppdragsgiver:** Stavanger kommune

**Spørsmål om denne rapporten kan rettes til:**

Telemarksforskning  
Postboks 4  
3833 Bø i Telemark  
Tlf: +47 35 06 15 00  
[www.telemarksforskning.no](http://www.telemarksforskning.no)

**Resymé:**

Formålet med denne rapporten er å starte fortellingen om en felles framtid for det som i dag er tre kommuner, og være grunnlag for en debatt om hvordan man vil at kommunen skal utvikle seg. Hensikten er at framtidsbildene og anbefalinger om hva kommunen bør gjøre skal gi en felles forståelse som grunnlag for en videre diskusjon om visjoner, verdier og samfunns mål for den nye kommunen.



**Knut Vareide** har arbeidet med nærings- og samfunnsutvikling siden han fullførte utdanningen som sosialøkonom i 1985. Han har vært ansatt ved Telemarksforskning siden 1996 og er spesialist på statistikk og kvantitative analyser. Knut har utviklet programteori for attraktivitet som ligger til grunn for framtidsbildene i denne rapporten. Hans spesialområde er attraksjonskraft og stedsinnovasjon.



**Solveig Svardal** er dr. scient fra Norges Landbrukshøgskole (nå NMBU). Hun har ledet og deltatt i en lang rekke prosjekter innen regional utvikling, innovasjon, natur- og kulturbasert nyskaping og tillit. Solveig har i dette prosjektet vært prosessleder for medvirkningsprosessene i framtidsverkstedene. Hun har også skrevet historien bak de ulike framtidsbildene i rapporten.



**Ailin Aastvedt** er seniorforsker med førstelektorkompetanse, og fagkoordinator for fagområdet kommunal- og velferdsforskning. Hun har ti års erfaring fra kommunalforskning, og har blant annet jobbet med utredning av flere kommunesammenslåinger. De siste fire årene har hun vært økonomisjef i Telemark fylkeskommune. Ailin har det overordnede ansvaret for gjennomføring av dette prosjektet.

# Forord

Telemarksforskning har fått i oppdrag å utvikle samfunnsutviklingsscenarier for kommunesammenlåingen for Stavanger, Rennesøy og Finnøy kommuner. Oppdraget omfatter utarbeidelse av utfordringsbilde og scenarier, gjennomføring av medvirkningsprosess og utarbeidelse av sluttrapport. Denne sluttrapporten skisserer fire mulige og sannsynlige framtidbilder for Nye Stavanger. Rapporten bygger på kunnskapsgrunnlaget i TF-rapport nr. 444 Delrapport 1 Utfordringsdokument. TF-rapport nr. 444 inneholder befolknings- og næringsanalyser, analyser av framtidig tjenestebehov, tillitsundersøkelse og oppsummering av intervjuer med sentrale politikere.

Prosjektet er gjennomført i perioden august til november 2018. Ved Telemarksforskning har Ailin Aastvedt vært prosjektleder. Solveig Svardal har vært ansvarlig for å lede medvirkningsprosessene. Knut Vareide er ansvarlig for attraktivitetsteorien som ligger til grunn for framtidbildene.

Vi vil takke Stavanger kommuner for oppdraget. Eli Sirnes Willumsen har vært vår hovedkontaktperson i forbindelse med gjennomføring, og vi vil takke for et godt samarbeid. Vi vil også takke de som har deltatt på scenariesamlinger, intervjuer og spørreundersøkelsen og bidratt med annen informasjon.

Bø, 6. desember 2018

Ailin Aastvedt

Prosjektleder



# Innhold

Sammendrag .....	7
<b>1. Fire mulige framtidbilder for Nye Stavanger .....</b>	<b>11</b>
1.1 Attraktiv i medvind – «Slik vil vi ha det!» .....	12
1.1.1 Kjennetegn ved framtidbildet Attraktiv i medvind .....	14
1.2 Attraktiv i motvind – «Vi får det til» .....	15
1.2.1 Kjennetegn ved framtidbildet Attraktiv i motvind.....	17
1.3 Tapte muligheter – «Vi klarte det ikkje» .....	18
1.3.1 Kjennetegn ved framtidbildet Tapte muligheter .....	20
1.4 Krise – «No er det krise!».....	21
1.4.1 Kjennetegn ved framtidbildet Krise .....	23
<b>2. Bakgrunn.....</b>	<b>25</b>
2.1 Oppdraget .....	26
2.2 Utfordringsbildet for den nye kommunen.....	27
2.2.1 Befolknings- og næringsutvikling .....	28
2.2.2 Framtidig tjenestebehov .....	28
2.2.3 Tillit .....	29
2.2.4 Lokaldemokrati.....	29
2.3 Metode og gjennomføring .....	30
2.3.1 Nærings- og befolkningsanalyser.....	30
2.3.2 Analyser av framtidig utgiftsbehov på sentrale tjenesteområder.....	31
2.3.3 Tillitsmåling .....	31
2.3.4 Telefonintervjuer .....	31
2.3.5 Dokumentstudier.....	31
2.3.6 Framtidsverksteder.....	31
2.4 Scenariene som grunnlag for framtidbildene .....	33
<b>3. Hvilke grep kan kommunen ta? .....</b>	<b>36</b>
3.1 Men hva er ønsket retning? .....	37

3.2	Hvorfor vokser steder? .....	38
3.3	Samarbeids- og endringskultur .....	39
3.3.1	Samskaping – å skape noe sammen .....	40
3.3.2	Tillit .....	44
3.4	Identitet og stedets kultur .....	45
3.4.1	Lokaldemokrati.....	46
3.5	Arealer og bygninger .....	47
3.6	Goder og tjenester .....	48
3.7	Omdømme.....	50
3.8	Hva kan kommunen gjøre?.....	52

# Sammendrag

Formålet med denne rapporten er å starte fortellingen om en felles framtid for det som i dag er tre kommuner, og være grunnlag for en debatt om hvordan man vil at kommunen skal utvikle seg. Hensikten er at framtidsbildene og kunnskapsgrunnlaget skal gi en felles forståelse som grunnlag for en videre diskusjon om visjoner, verdier og samfunns mål for den nye kommunen.

I denne rapporten har vi beskrevet flere mulige tiltak for utvikling av kommunen i ønsket retning. Her vil vi oppsummere det vi mener er de viktigste grepene for å utvikle kommunen.

## 1. Felles mål!

Bli enige om målet og jobb sammen mot et felles mål. Dette er nærmest en selvfølge, men er både viktig og vanskelig å få til i praksis. Motivasjonen for å delta og engasjere seg er gjerne knyttet til at utviklingen oppleves som meningsfull, og at den enkelte bidrar til et felles mål. For å lykkes er det avgjørende å vite hvorfor vi gjør det vi gjør.

## 2. Gi slipp!

Endring krever ressurser. Det er mange aktører og ressurser i et lokalsamfunn som kan bidra i samfunnsutviklingen, og nærmest venter på å bli tatt i bruk. Samskaping innebærer at alle samfunnsaktørene får en aktiv og likeverdig rolle i hele utviklingsprosessen. Samskaping er nærmest blitt et magisk ord i kommunesektoren. Det er ikke nytt at kommunen samarbeider med innbyggere, næringsliv og frivillig sektor. Det nye er at både kommunen, innbyggerne, frivilligheten og næringsliv må omdefinere sin rolle. Vi er alle kommunen. Kommunen må tørre å slippe de andre aktørene til i prosessene og ha en åpen holdning når initiativet kommer fra andre aktører.

## 3. Skap tillit!

Faktorer som tillit og samarbeids- og endringskultur må tas på alvor. Å legge til rette for en god samarbeids- og endringskultur er avgjørende for å kunne lykkes med alle de øvrige tiltakene som er nødvendige for å få til utvikling og vekst i tråd med målene den nye kommunen setter seg. Et bedre tillitsnivå vil kunne gjøre den nye kommunen mer attraktiv, og det vil også gjøre at de tiltakene som planlegges og gjennomføres virker raskere og bedre. Tillit kan ikke vedtas, den må opparbeides og utvikles over tid. Våre erfaringer fra en rekke kommunesammenslåingsprosesser er at stikkord som raushet, respekt, tillit og ærlighet trekkes fram som suksessfaktorer.


## 4. Bare gjør det!

Kommunen må ha evne til å reagere raskt og utnytte positive muligheter i næringslivet. Flaks og tilfeldighet spiller en stor rolle for kommuners attraktivitet, men hardt arbeid er også et element. Det betyr at kommunens evne til å reagere på mer eller mindre tilfeldige hendelser og muligheter som dukker opp, er viktig. At Stavanger kommune i sin tid ble oljehovedstaden i Norge er vel

nettopp et eksempel på dette. Nye Stavanger må ta utgangspunkt i sine eksisterende fortrinn og skape endringer som enten er helt annerledes enn andre, eller mer kraftfulle.

### Framtidsscenarioer

Vi har utarbeidet mulige scenarier for framtidig befolknings- og arbeidsplassutvikling basert på Telemarksforskings attraktivitetsmodell. Framover kan vi se for oss fire scenarier, avhengig av om den nasjonale veksten og de strukturelle forholdene er gode eller dårlige, og om Nye Stavanger klarer å bli et attraktivt sted å bo og drive næring:



1. Attraktiv i medvind; et attraktivt Stavanger i oppgangstider for Norge
2. Attraktiv i motvind; et attraktivt Stavanger i vanskelige tider for Norge
3. Tapte muligheter; Stavanger mislykkes i oppgangstider for Norge
4. Nå er det krise; Stavanger mislykkes samtidig som det er vanskelige tider for Norge

I denne rapporten har vi laget fire framtidsbilder, basert på de fire scenariene. Vi presenterer her mulige og sannsynlige framtidshistorier som er ment som et bilde på hvordan utviklingen *kan* bli. Vi håper at dette skal gjøre det lettere å se for seg hvordan utviklingen kan bli i de ulike alternativene, og være grunnlag for en debatt om hvordan man vil at kommunen skal utvikle seg, og hvordan det er mulig å få til de ønskede endringene. Alle momentene i historiene er basert på det faktagrunnlaget vi har innhentet, og de analysene vi har foretatt. Videre er det lagt vekt på å få fram




de innspillene som har kommet på framtidstvedstedene. For tydelig å skille framtidstvedene fra resten av rapporten er historiene skrevet på nynorsk, og fra perspektivet til en «siddis»<sup>1</sup>.

### Hva skaper attraktivitet?

For å kunne utvikle gode strategier for å nå de ønskede framtidstvedene, er det nødvendig å forstå noen av sammenhengene mellom forventet vekst og attraktivitet.

Attraktivitetsteorien er utviklet for å kunne forstå steders vekst og hva som fører til vekst. Attraktivitetsmodellen viser at det ikke nødvendigvis er attraktivitetsnivået, men endringen, det at noe blir gjort på en ny og smartere måte enn før, som er avgjørende og som påvirker attraktiviteten. Det er derfor nødvendig med en sterk samarbeids- og endringskultur for å øke attraktiviteten i et område.

Dersom Nye Stavanger skal endres i positiv retning, må kommunen jobbe med følgende faktorer:



Å bygge en ny kommune kan i seg selv ses på som en mulighet til å skape bedre tjenester gjennom innovasjon og nytenkning, uten å være bundet av nåværende arbeidsformer. Endringene innen tjenestetilbudet vil både kunne ses i lys av demografi, nye arbeidsoppgaver og ny arbeidskultur og digitalisering.

<sup>1</sup> Definert som folk som bor i, eller kommer fra Nye Stavanger kommune.

Dannelsen av en ny kommune innebærer et behov for å skape en helt ny organisasjonskultur. Nye Stavanger bør legge en klar strategi for hvilke mål kommunen har ved bygging av denne. En innovativ organisasjonskultur vil ha andre grunnleggende kjennetegn enn en mer tradisjonell byråkratisk organisasjonskultur. Det kan være mange utfordringer knyttet til å få til mer innovasjon i offentlig sektor. Å ta risiko er en sentral del av innovasjon, og vilje til å ta risiko er nødvendig for å lykkes med innovasjon. Når en kommune velger å satse systematisk på innovasjon, så vil det også bli noen innovasjoner som slår feil. Muligheten for feiling må derfor være en akseptert kostnad ved en innovativ arbeidsform.

Hvordan man håndterer disse ulikhetene og utfordringene i sammenslåingsprosessen og gjennom de prioriteringene som gjøres framover, vil ha mye å si for tilliten mellom befolkning, næringsliv, politikere og kommuneadministrasjon, og dermed også for mulighetene for å lykkes med å bli mer attraktiv. Forholdet mellom det urbane og det rurale i den nye kommunen kan utvikles til å bli et fortrinn, snarere enn et problem.

# 1. Fire mulige framtidsbilder for Nye Stavanger



Foto: Samuel Zeller/Unsplash.

*Nye Stavanger.*

*Tre helt ulike kommuner skal slå seg sammen til én.*

*Hvordan kommer det til å bli?*

*Fire fortellinger gir oss fire bilder,*

*avhengig av om det går godt eller dårlig for Norge,*

*og avhengig av om Stavanger klarer å bli en attraktiv kommune for bosetting og næringsliv eller ikke.*

## 1.1 Attraktiv i medvind – «Slik vil vi ha det!»

---



Han var ganske fornøgd med seg sjølv, stavangerordføraren, der han gjekk den faste turen sin rundt Hålandsvatnet. Han hadde blitt i vesentleg betre form etter at kommunen sette folkehelse og trivsel som mål for samfunnsutviklinga. Som det gode førebildet han ville vere, var han å sjå til fots eller på sykkel så fort han såg høve til det. Han var stolt over korleis kommunen hadde blitt Norges mest miljøvennlige storby. Det hadde verkeleg vore eit eventyr. Eit nytt grønt energieventyr som starta då

det gamle oljeeventyret slutta. No hadde han jammen meg blitt invitert til statsministeren sin årlege vekstkongress for å fortelje om Stavanger sin veg til suksess. Og han gjekk der og kjente på at det ikkje var urimeleg om han fekk litt av æra for dette. Ikkje det at han hadde gjort alt dette aleine, nei det var nettopp det som var nøkkelen; dei hadde greidd å skape ein heilt ny utviklings- og endringskultur, som gjorde at alle var med og drog lasset.

Då oljeeventyret tok slutt, spådde mange at alt skulle gå i dass, og mange i Stavanger tok til orde for å sette i gang eit massivt omdømmeprojekt for å halde på optimismen og framtidstrua. Sjølv hadde han vore skeptisk til det. Han hadde meint at omdømmet kom av seg sjølv viss dei berre gjorde dei riktige tiltaka for å legge til rette for vekst og omstilling, både for næringslivet og for befolkninga.

Han prøvde å spole litt tilbake; kva hadde skjedd desse åra, og kva hadde dei gjort for å få det til?

Dei hadde sjølvsagt fått ikkje så reint lite drahjelp av at det hadde gått som det susar for heile nasjonen Norge. Etter at fruktbarheita blant norske kvinner hadde vore på eit historisk lågmål for 20 år sidan, hadde pila heldigvis begynt å peike andre vegen att. Radikale endringar i nasjonale velferdsordningar gjorde at barnetalet per kvinne auka etter å ha nådd et lågmål i 2019. Innvandringa var også større att; vi hadde innsett at det var nødvendig for å halde oppe ein nasjonal vekst.

Saman med denne nasjonale veksten i folketalet hadde det også vore ei utvikling i næringslivet som var gunstig for Stavangerområdet. Talet på arbeidsplassar i oljesektoren stabiliserte seg, og dei hadde greidd å bruke den enorme kompetansen dei hadde opparbeidd i oljealderen, på nye energiløysingar. Han likte å kalle Stavanger for Europas energihovudstad. Der hadde dei også hatt eit fortrinn fordi dei allereie var så gode på blå og grøne næringer. Dei sto eigentleg berre klar då politikarane verda over skjønnte at dei måtte gjere noko før klimakrisa for alvor meldte seg.

Men dei kunne ikkje tatt opp i seg dette vekstpotensialet utan å gjere noko. At dei no kunne registrere landets høgaste vekst i folketalet var resultat av hardt arbeid. Og kunnskap. Han hugsa tilbake til 2018; då hadde han vore på eit stort seminar eller «framtidswerkstad» for Nye Stavanger. Det hadde verkeleg gjort at han fekk auga opp for kva alderssamansetnaden i befolkninga har å seie, og kor nødvendig det var å leggje til rette for bustadbygging. Det var jo eigentleg heilt banalt: Det ville vere umogleg å få til innflytting utan at det var bustader å flytte til. Og det var sant som han forskaren sa; Viss vi skal få innflytting er det unge vaksne og barnefamiliar vi må legge til rette for. Dei gamle flyttar ikkje.

Og dei hadde verkeleg lagt til rette. Tatt heile kommunen i bruk, slik at det vart attraktivt for nye familiar å flytte til miljøvenlege bustader i dei nye sentra utover i kommunen. Samtidig hadde dei

greidd å få oppslutning om ei skikkeleg satsing på Byen Stavanger. Stavanger hadde blitt eit fyr-tårn ikkje berre på grunn av det innovative næringslivet, men også fordi det hadde blitt svært attraktivt å bu der, med eit pulserande internasjonalt miljø. Nye effektive og miljøvenlege bussar og båtar, og egne kjørebantar for syklar, gjorde det greitt å flytte seg mellom jobb og bustad. Dei hadde hatt ein parole om at det skulle vere maks 10 minutt mellom jobb og bustad. No tenkte han at det nesten var litt lite. Det blei ikkje mykje kondis og musklar av 10 minutt på sykkelen.

Men det hadde ikkje berre vore lett. Den enorme folketalsveksten hadde skapt større behov for utbygging enn dei egentleg hadde råd til, investeringane måtte gjerast før det blei tilflytting, og pengane kom ikkje inn att før folk faktisk flytta. Utbyggingsselskapa hadde jo også hatt sine interesser, og det tok ei tid før dei kom fram til ein god og tillitsbasert samarbeidsform slik at begge partar følte at dei fekk gjennomslag.

Mange nye menneske krevde også sitt når det gjaldt utbygging av tenester. Det var vel ingen annan ordførar i historia som hadde fått reist så mange nye barnehagar, skular og omsorgssenter.

Administrasjonen i kommunen hadde fått meir rom for å prøve å finne nye løysingar på dei pålagde oppgåvene. For med den enorme folketalsveksten eksploderte også tenestebehovet. Dei hadde vore nøydd til å samarbeide meir med frivilligheita. Med det same kalla dei det samskaping, ja det var kanskje litt keisarens nye klede i starten, men etter kvart som kommunen og frivilligheita vart meir likeverdige partnerar, og byråkratane ikkje lenger var så redde for å gjere feil, hadde dei utvikla mykje bra. Og fellesskaphusa, som hadde erstatta det som før heitte kommunehuset, gjorde at alle jobba i lag, ja det var ikkje alltid han hadde oversikt over kven som jobba i kommunen og kven som var frivillig. Det var alltid gøy å møte alle dei spreke pensjonistane som stilte opp for andre gamle som ikkje var så spreke.

Han var glad for familiebakgrunnen sin frå Finnøy. Det var nok mange som hadde spådd heile dugnadskulturen ein sikker død då Nye Stavanger vart etablert, men dugnadskulturen han var flaska opp med, vart verdsett og breidde seg inn til bykulturen. Frivilligsentralane fekk faktisk ein veldig sentral rolle i bydelane, både for å handtere ein del av oppgåvene, men også for å sikre lokaldemokrati og deltaking. Etter ein litt famlande prøveperiode hadde dei no ein god slump pengar som bydelane sjølv rådde over.


Då han sjølv var med i ungdomspartiet for 25 år sidan, hadde dei sett i gang eit omfattande arbeid for å styrke ungdomsmiljøet. Det hadde vore litt tungt å få det til. For ofte er det jo slik at dei som sit og styrer ikkje kan skjønne at enkelte fell utanfor, at det ikkje berre er å melde seg inn i fotballen eller å bli med på KRIK. Dei fleste politikarane hadde vel knapt hatt noko motgang i livet. For å vere heilt ærleg så var han vel egentleg der han også, han sklei gjennom livet på ein glinsande oljefilm. Men så hadde han treft ei skikkeleg kul jente frå Somalia. Herlege London, ho hadde verkeleg snudd opp ned på heile livet hans og gitt han ei heilt annan innstilling. Ho hadde lært han å sjå med nye auge på den norske dugnadskulturen og ikkje minst fått han til å forstå kor viktig tillit var for å skape eit godt lokalsamfunn. Dette hadde nok vore spiren til at han hadde engasjert seg så sterkt for å jobbe med tillit då han seinare vart heiltidspolitkar. Han hadde også sett korleis mistillit hadde skapt konflikter og stoppa utviklinga av gode oppvekstmiljø. Han hadde tenkt at dersom dei kunne skape eit meir tillitsfullt samfunn, så ville det bidra til at det blei meir attraktivt å bu der, og å etablere næringsverksemd. At når ein opplever at alle vil ein vel, og at ein har tiltru til kvarandres kompetanse og integritet; ja då må jo alt gå mykje lettare. Han brukte å seie at tillit smører heile samfunnsmaskineriet. Men sjølv sagt kunne dei ikkje berre vedta tillit. Også det hadde vore mykje jobb. Politikarane hadde jobba mykje med å minske avstanden til folk flest. Dei hadde etablert innbyggjarpanel, og dei hadde faste ordningar med gjestebod fleire gonger i året. Informasjon og dialog hadde vore ein viktig nøkkel. Alle skulle få vite kva som gjekk føre seg i

kommunen, på ein lettfattelig måte, og utan for mykje sommel. Dei hadde skjønt at lyd og bilde var viktigare enn skrivne ord for å nå ut til folk. Også næringslivet hadde sett pris på denne nye praksisen. Dei var opptekne av raske og grunngeve svar, då kunne dei også mykje lettare akseptere eit nei.

Han begynte faktisk å gle seg litt til foredraget på vekstkonferansen. Men før han skreiv det endelig ned ville han invitere til eit lite kaffilag for å få innspel frå innbyggjarane. No som alltid.

### 1.1.1 Kjennetegn ved framtidsbildet Attraktiv i medvind

Figuren under oppsummerer grunnlaget for framtidsbilde «Attraktiv i medvind». For nærmere forklaring av tallene i grunnlaget se TF-rapport 444 «Delrapport 1 Utfordringsdokument for scenarier for samfunnsutviklingen i Nye Stavanger»<sup>2</sup>.



Figur 1 Scenarie 1 Attraktiv i medvind. Et attraktivt Stavanger i oppgangstider for Norge. Grunnlag for historien "Slik vil vi ha det".

<sup>2</sup> Med forsørgerbyrde menes antall innbyggere 20-66 år dividert med antall innbyggere 67 år eller eldre.

## 1.2 Attraktiv i motvind – «Vi får det til»



Jess! Det klirrar i glas på den månedlege bydelstesten. I dag er det i ølglas prega med logoen til det lokale bryggeriet. Saman med humledyrkarane på Finnøy har dei utvikla nye humlesortar tilpassa ulike ølsortar, og no kan dei notere seg over 50 % marknadsandel på humle til norske mikrobryggeri. Det kan sjølvsagt ikkje måle seg med omsetnad og arbeidsplassar i industrien. Men det er eit bilde på den viktige omstillinga dei har lukkast med i næringslivet. Ja, eigentleg i heile mentaliteten. Dei vil noko saman, og dei trur dei i fellesskap skal få Stavanger til å bli den mest attraktive regionen i landet, trass nedgangstidene. Aktiv bruk av forskings- og utviklingsmiljøa har vore ein viktig del av dette, og læringsnettverk for bedriftene på tvers av bransjar. Om lag slik ordlegg ho seg, nabolagskoordinatoren, som er invitert til å pitche denne suksesshistoria for det regionale innovasjonsfondet.

Dei hadde tidleg lært seg å feire seirane. Kvar månad var det fest i alle bydelshusa. Ikkje sånn fyll og spetakkel (det er jo trass alt Rogaland vi snakkar om) men ein hyggeleg ettermiddag. Dei hadde gjerne eit felles måltid med mat frå alle krikar og kroker av verda, stelt til av innvandrarane sjølve. Gry Jeanette fekk tilbod om denne nabolagskoordinatorjobben etter at ho hadde markert seg som ein konstruktiv aktivist i innbyggjarpanelet. Ho hadde hatt drøssevis av gjestebod, og laga ein eigen snapstory som formidla alle dei gode samtalanane.

Som nabolagskoordinator hadde ho kontor i frivilligsentralen. Eller kontor og kontor. Ho sat ikkje akkurat mykje inne og vipa på stolen. Nei, ho var ute der det skjedde. La til rette for at folk som hadde tid og krefter til overs fekk sett i gang med nye ting, til glede for fellesskapet. Desse månedlege festane var ein slik ting. Fleire av dei hadde ført til nye aktivitetar, ja til bedriftsetableringar med. Ei gruppe innvandrarkvinner leverte no overtidsmat på rådhuset, ei anna hadde danskurs for damer. Kvar sommar hadde dei ein gedigen felles gatefest, det blei nesten ein liten festival. Ein festival for fellesskapet.

Stavanger hadde blitt sett på kartet for alle festivalane sine. Tomatfestivalen, Gladmatfestivalen, jazz, kammermusikk, Vinfestivalen og Utopia. Ja det var nesten litt utopisk dette med vinfestivalen. At det ikkje lenger var slik at dei måtte til Frankrike for å finne god vin. I år vart vinfestivalen arrangert parallelt med vin-VM. To norske finalistar, og ein av dei var Svithunvinen! Det var noko bra med denne klimakrisa også.

Ho hadde også god kontakt med folka i kverulantkatedralen, eller KÅKÅ som dei også kalla seg. Dei hadde starta eit heilt nytt kafébasert debatt- og litteraturhus. Høyrast kanskje litt akademisk ut med ein gong, men her var det eigentleg plass for alle. Dei kalla det ueinigheitsfellesskapet. Eigentleg litt kult. For det var jo ofte ueinigheita som bidrog til nye svar og løysingar. Også noko så sært som ein økonomifestival KÅKÅnomics, der både norske og internasjonale profilar snakkar om viktige og interessante økonomiske spørsmål på dei mange scenene i Stavanger.

Men det var jo ikkje berre dette smått-er-godt-greiene som var oppskrifta til suksessen Stavanger hadde hatt dei siste åra. Det var gjort kraftige investeringar og tatt mykje risiko i næringslivet. Saman med det offentlege og universitetet var det blitt tatt initiativ til etablering av Norwegian Smart Care Cluster, med føremål å få til omstilling, innovasjon, forskning og utvikling, kommersialisering og internasjonalisering av produkt og tenester innan helse og velferdsteknologi. Samhandling, kunnskapsformidling og næringsutvikling er stikkord for kva dei driv med. På same måten jobba dei systematisk innanfor grøn energi og havbruk. Det var gjort store framsteg med tanke på å utvikle nye havbaserte produkt for å auke sjølvforsyninga i landet, og redusere klimabelastninga frå matproduksjonen. Dette hadde bidradd til at landet ikkje lenger produserte kjøtt basert på importert kraftfôr.

Stavanger hadde gått i bresjen for eit sterkt regionalt samarbeid om næringsutvikling og fått gjennomslag for at det var Stavanger, med sitt internasjonale ry, som skulle vere sentrum i heile regionen. Dermed hadde dei lukkast i å bli meir attraktive enn Bergensregionen, og hadde slik feid ein konkurrent litt av banen.


Det hadde ikkje vore så veldig lett å få til nok bustadbygging, men politikarane hadde skjønt at det var heilt avgjerande å ligge i forkant med attraktive bustader for å kunne trekke til seg nye innbyggjarar. Og dei hadde skjønt at viss dei skulle få til det, måtte dei spele på lag med utbyggjarane, involvere dei tidleg og utvikle areala i nær dialog. Det var ikkje alltid det hadde gått føre seg i den rekkefølga kommunens folk ville, men i sum hadde det blitt bra. Dei hadde også greidd å henge med på nye barnehagar og skulebygg, sjølv om budsjetta til helse og sosial aldri såg ut til å kunne bli store nok.

Denne veldige satsinga hadde ikkje minst vore mogleg fordi Stavanger hadde våga å sette berekraftig utvikling som overordna mål for utviklinga. Smartby-satsinga var eit direkte resultat av det. Gry Jeanette var særleg opptatt av at det var innbyggjarane sine behov som var utgangspunktet, og som skulle stimulere til smartare løysingar på tvers av gamle murar mellom kommune, næringsliv, frivilligheit og kunnskapsmiljøa. Her samarbeida dei også internasjonalt med byar som Manchester og Eindhoven. Det hadde utvikla seg ei heilt anna haldning til berekraftig utvikling. Det var ikkje lenger noko miljørørsle kunne ta seg av. Det var altfor viktig til det! Og det hadde utvikla seg ei heilt anna haldning til prøving og feiling, også blant politikarane, sjølv om det siste hadde tatt si tid. Urban og Rural Living Labs var også ein del av dette. Her utvikla dei nye løysingar for gode bumiljø og testa ut kva som fungerte før ideane ble sett ut i livet i stor skala. Etter kvart hadde dette også blitt ein del av det kommunale planleggingsarbeidet, slik at medverknad og innbyggjarinvolvering ikkje lenger berre var honnørord. Innbyggjarane blei tatt på alvor, og all frivilligheita blei verdsett. Det hadde til og med blitt slik at dei største bedriftene brukte sponsormidlar på frivilliginitiativ og festivalar, ja det var blitt ein del av velferdstilbodet at tilsette i kommunen deltok som frivillige på festivalar og kommunedelsarrangement. Det var dette som var berekraftig, tenkte Gry Jeanette. Og attraktivt. Trass nasjonal motvind.



## 1.2.1 Kjennetegn ved framtidsbildet Attraktiv i motvind

Figuren under oppsummerer grunnlaget for framtidsbilde «Attraktiv i motvind». For nærmere forklaring av tallene i grunnlaget se TF-rapport 444 «Delrapport 1 Utfordringsdokument for scenarier for samfunnsutviklingen i Nye Stavanger».<sup>3</sup>



Figur 2 Scenarie 2. Attraktiv i motvind. Et attraktivt Stavanger i vanskelige tider for Norge. Grunnlag for historien "Vi får det til!".

<sup>3</sup> Med forsørgerbyrde menes antall innbyggere 20-66 år dividert med antall innbyggere 67 år eller eldre.

## 1.3 Tapte moglegheiter – «Vi klarte det ikkje»



Ho hadde nok sett for seg ein annan utgang på ein lang og, etter hennar meining, for det meste suksessrik karriere i kommunen. Trur du ikkje ho måtte innfinne seg med tittelen «spesialrådgjevar» då fellesnemnda for den nye storkommunen Jæren vedtok organisasjonskartet? Det var jamngodt med «udugesen då Stavanger la under seg Rennesøy og Finnøy i si tid. Ja, det var slik ho tenkte på det, eksrådmannen, som dei no omtala henne som. Det var jo Stavanger som var storebroren, så å seie. Som sto for det moderne, innovative og framtidsretta. Bykulturen. Det svarte gullet, oljå. Det var nærmast som veldedigheit å rekne at dei ville inkludere Finnøy og Rennesøy.

Det hadde gått som smurt i starten, alt hadde peika deira veg. Nedgangen i olja hadde bremsa opp, og på landsbasis var det oppsving for den delen av næringslivet som også Stavanger hadde mykje av. Optimismen i landet ga høgare fruktbarheit og vilje til å satse, innvandringa auka og det var gode tider også i utkantane. Bustadprisane i Stavanger steig igjen, noko ho og fleire med meinte var eit sikkert teikn på aukande attraktivitet. Ho hadde til og med nesten blitt uvener med ordføraren om det. Ordføraren, ein passe smart fyr frå Rennesøy som aldri hadde kome over at det var Stavanger sitt byvåpen som vart det nye kommunevåpenet, hevda at Stavanger ikkje var så veldig attraktiv. På ein sommarfest rauk dei opp i ein krangel om kven av dei som var den mest attraktive. Tilliten mellom politikarane og administrasjonen vart ikkje akkurat styrka av slikt.

Huff, det var visst ikkje alt ved karrieren hennar som var krona med suksess. Kvifor vart dei aldri ferdige med alle dragkampane? Mellom by og land? Mellom sentrum og periferi? Mellom stor og liten? Mellom det offentlege og det private næringslivet? Dei hadde jo arrangert det eine folkemøtet og framtidsverkstaden etter den andre, men kvifor nådde dei ikkje fram med presentasjonane sine? Ho hugsar ein kar frå Finnøy som hadde vore på ein av desse verkstadane. Kva var det han hadde sagt? At han eigentleg ikkje brydde seg så mykje om korleis Nye Stavanger hevda seg i konkurransen med resten av landet. Det han, og dei fleste finnøybuane med han, var opptatt av var om dei verdiane han representerte vart verdsett i den nye kommunen. Han tenkte nok både på dugnadsånden, samhaldet, kunsten å leve på lag med naturen og det å kunne vere sin eigen herre. Eksrådmannen og politikarane hadde vore meir opptekne av å sette Stavanger på det internasjonale kartet att, og hadde ikkje fått med seg korleis det ulma utover i bygdelaga. Der ute var dei skikkeleg irriterte over at dei nærmast måtte stå med lua i handa for å få ut nokre usle kroner til kommunedelsutvalet, enda dei inni byen godt visste at småsummar kunne gje mange gonger tilbake, i form av nyoppussa idrettsanlegg, aktive frivilligsentralar, nabohep og betre liv for dei som måtte nytte seg av dei kommunale helsetenestene. Dei meinte med rette at kommunen kunne hatt noko å lære av denne kulturen. No er den i ferd med å forvitre.

No som ho hadde blitt bestemor, tenkte ho også meir og meir på dette med berekraftig utvikling. Det var ikkje berre økonomisk vekst som var viktig, og ho angra på at ho ikkje hadde tatt dei på alvor som ville ha berekraftig utvikling som hovudmål for framtida i den nye kommunen. Ja alvor og alvor; dei hadde jo sett det opp i kommuneplanens samfunnsdel, det var jo ikkje så lett å avfeie FN's berekraftsmål, men dei hadde vore nøye med å definere at det ikkje måtte kome i konflikt

med økonomisk vekst. Dei hadde hatt lite syn for at sosial, kulturell og miljømessig berekraft også var ein føresetnad for å få til økonomisk vekst.


Kanskje kunne dei blitt meir attraktive for unge familiar med nye tankar dersom dei hadde slept fram ideane om å bygge fleire miljøvenlege bustader og utvikla fleire attraktive sentrumsområde utover i heile kommunen? Det hadde jo vore mange utbyggerar som stod i kø for å få testa ut nye løysingar med både plussbus, minibus og smarte småbussar. Men ho hadde overbevist politikarane om at dette var risikosport, om at dei måtte satse alt på sjølve byen. Dei hadde ikkje tenkt på at det var grenser for kor mykje vekst sjølve byen kunne ta på kort tid. Det varte ikkje lenge før kommunane rundt vaks meir enn Stavanger. Samtidig vart kommuneøkonomien meir og meir krevjande. Folketalsveksten var i sum grei nok, men det bekymringsfulle var jo at andelen eldre vart for stor, så i starten måtte dei bruke altfor mykje ressursar på å byggje aldersbustader og utvikle pleie- og omsorgstenestene. Barn, ungdom og kulturtilbodet leid under det, og forsterka det negative omdømmet som buplass. Når barnetalet likevel vaks dei siste åra, etter massiv nasjonal innsats, var dei ikkje førebudde på det.

Tunge byråkratiske prosessar gjorde også at næringslivet begynte å sjå seg om etter nye areal og nye lokale. Næringslivet ser ikkje kommunegrenser, og for dei er tempo viktig. Ikkje det at dei kravde å få ja til alt dei foreslo, men dei ville ha raske svar. Slik blei det også det minst omstillingsvenlege næringslivet som vart att i Stavanger. Dei som utvikla nye løysingar som svarte på klima- og miljøutfordringane, reiste til kommunane rundt. Det var bittert å sjå korleis Sandnes vaks.

Dei hadde snakka mykje om innovasjon. Ho hadde vore forkjempar for at Stavanger skulle vere ein innovativ kommune, både når det gjaldt næringsliv og offentlege tenester. Men innovasjon inneber jo også å ta risiko, og sleppe kontrollen. Og det siste hadde vore vanskeleg, særleg for byråkratane. Innovasjon hadde blitt til imitasjon.

### 1.3.1 Kjennetegn ved framtidsbildet Tapte muligheter

Figuren under oppsummerer grunnlaget for framtidsbilde «Tapte muligheter». For nærmere forklaring av tallene i grunnlaget se TF-rapport 444 «Delrapport 1 Ut-fordringsdokument for scenarier for samfunnsutviklingen i Nye Stavanger».<sup>4</sup>



Figur 3 Scenarie 3 Tapte muligheter. Stavanger mislykkes i oppgangstider tider for Norge. Grunnlag for historien «Vi klarte det ikke».

<sup>4</sup> Med forsørgerbyrde menes antall innbyggere 20-66 år dividert med antall innbyggere 67 år eller eldre.

## 1.4 Krise – «No er det krise!»

---



Når krubba er tom bitast hestane.<sup>5</sup> Han likte godt desse gamle ordtaka han hadde lært av bestefaren. Særleg dei som også minna han på bakgrunnen frå enkle kår. Han hadde verkeleg starta med to tomme hender og arbeidd seg opp og fram. Så kom olje-eventyret for fullt, og han blei direktør for PetroFuture. 30 år gammal. Han har mange gonger tenkt tilbake. Kanskje var det det at dei var vande med hardt arbeid, at ingenting kjem av seg sjølv, som gjorde at dei fekk slik suksess. Saman med kystidentiteten. Dei var vande med å ta litt sjansar. Satse litt. Dessverre blei dei etter kvart kanskje litt rusa på denne suksessen. Litt dekadente på ein måte. For då det plutsleg snudde for oljenæringa som følgje av at nye energikjelder overtok, ja då hadde dei liksom ikkje noko å stille opp med. Dei sutra over at dei måtte nøye seg med cava i staden for champagne. Kva ville bestefaren gjort? Krumma ryggen og gått laus på ein ny teig, snudd steinane så å seie for å finne nye måtar å

livnære seg på.

Det er vel ingen andre regionar i landet som eigentleg hadde hatt betre føresetnader for å få det til å svinge sjølv om det gjekk dårleg for resten av landet. Likevel gjekk det altså slik. Det var heilt bort i hampen urettferdig, meinte Kåre Wilhelm, der han sat på den nedslitne gamleheimen - faktisk den gamle skulen han gjekk på i si tid. Tenk at han skulle måtte oppleve det. Men når det ikkje blei vekst i folketalet, så vart det forgubbing. Forgubbing. Eit avskyeleg ord då han var yngre. No var han ein del av det. For gamlingane flytta ikkje på seg, dei vart berre fleire og fleire, i alle fall når ein såg på andelen av folketalet. Og det betydde at alle dei nye tilboda og investeringane i det kommunale tenestetilbodet gjekk til dei eldre, ja dei måtte til og med hente pengar frå barnehagar og skular. Det vart ein negativ spiral. Dei vart ikkje akkurat attraktive for barnefamiljar når det ikkje var bygd ein skule på fleire tiår, fleire barnehagar var nedlagde, og kulturskulen, ja det var år og dag sidan dei siste tonane hadde trilla ut derifrå. Og likevel var det jo ikkje akkurat luksus det dei gamle slitarene vart tilbydd heller. Etter at kommunen hadde bygd både folkebad og teater, og eg veit ikkje kva, så var det jo ikkje så mykje pengar att til å levere gode tenester til folk.

I tillegg til at gamleheimen var utriveleg, var det få tilsette på jobb, og sjølv om dei som var der sprang frå oppgåve til oppgåve så sveitten sila og gjorde så godt dei kunne, var ikkje resultatet til å skryte av. Å kome seg ut på byn for å treffe andre var også tungt, det var få eller ingen bussar, og tilbodet om gratis elsykkel som dei så friskt hadde satsa på som ein del av ein valkamp ein gong i tida var også borte. Syklane var der, men ingen hadde råd til nye batteri.

Det hadde gått skikkeleg dårleg med heile Norge dei siste par tiåra. Oljenæringa gjekk dårleg over heile fjøla, og landet hadde ikkje lukkast å byggje opp eit nytt næringsliv basert på nye muligheiter i bioøkonomien. Offentlege arbeidsplassar vaks ikkje lenger så mykje. Innvandringa hadde stoppa opp og fruktbarheita gjekk ned. Han var så lei av å høyre på all denne daglege svartmalinga på

---

<sup>5</sup> Foto: Stine Moe Engelsrud/Unsplash.

alle nyheitskanalar. Det verka berre destruktivt. Sjølv hadde han fleire gonger i oljedirektøranes pensjonistforeining tatt til orde for at rogalendingane ikkje var som nordmenn flest, for ikkje å snakke om som tafatte austlendingar å rekne. Nei, no måtte dei våge å gjere noko. Næringslivet måtte omstillast. Fort. Men nei, det var inga framtidstru og optimisme å spore lenger.

Næringslivet hadde mista all tillit til kommunen. Dei opplevde at dei ikkje fekk noko handlingsrom. Ein kvar god ide vart høvla ned viss den ikkje allereie var vedteken i ein plan. I desse byråkratplanane var det forresten ingen gode idear, så då sa det seg i grunnen sjølv.

For tjuve år sidan var det massevis av møte mellom kommunen og næringslivet i samband med kommunesamanslåinga. Han hugsar endå korleis både byråkratar og politikarar stod der med fine fargerike plansjar og proklamerte at den nye kommunen skulle bli den nye energihovudstaden med landets viktigaste næringsklynge. For ikkje å gløyme at den skulle bli ein av dei viktigaste kommunane innan landbruk, havbruk og reiseliv.


